



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for Januar 2019.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
54



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Vegard Gjerde
Visepres:	Bjørn Teigene
Sekretær:	Knut Strømsjordet
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem:	Oskar Grimstad
Ansv.red.:	Åge Nytun
Referent:	Øystein Alme

Vinterkveld

Hvor træt jeg er i kveld! For øret ringer
en dødsens klokke som saa mange gange.
Da stanser jeg med ett. I mørket klinger
ut mot mig en av mine egne sange.

Et oplyst vindu. Indenfor en kvinde.
Jeg hører fjerntfra ordene, hun synger . . .
Min ungdoms hav, som nu for gryets vinde
i tonebølger morgengulblaa gynger!

Det strømmer mot mig fra det dødes rike.
Det aander op at taakeslørte vande.
Jeg ser igjen en liten, vaarglad pike,
og hun har drømmens glorie rundt sin pande.

Op av min ungdoms hav med smil om munnen,
med skimmer av en nytændt sol i haaret,
med noget ærtende paa øienbunden
blir hun mot lyset nu av sangen baaret.

Besynderlig! Fra gatens larm at flytte
ind i en verden, hvor min sjæl har hjemme,
at staa haabløs vinternat og lytte
til klangen i min egen ungdoms stemme.

I raakoldt gufs av nat og mørketygge
jeg tnæker paa saa mangt. Jeg staar og tænker,
at her paa jorden skaper skjønhet lykke,
den eneste, som jorden ubrutt skjænker.

Saa tier sangen . . . Noe deilig tidde . . .
Fra fjorden stiger taakelurens klage . . .
Kom du, min elskete, hvem jeg engang vidde
min sang i rike, strømmesterke dage!

Glemt at det bitre og det skjebnetunge.
Det er saa mangt, som vi to har at glemme.
Ta mig i haanden! Vi blev begge unge
i varmen av en ukjendt kvindestemme.

Nils Collett Vogt

Referat frå Rotarymøte 7. januar 2019.

Programfritt møte.

Vegard ønskte vel møtt til nytt møte.

Val av song for kvelden fall på «Mellom bakkar og berg» av Ivar Aasen.

Vegard las opp dei som hadde feira dag i desember, med tilhøyrande applaus.

Johan Ole (seremonimester) fekk ordet, då eit nytt medlem skulle takast opp.

Anne Gry Eilertsen, med fadder Vigdis, har vore medlem tidlegare, så seremonimeisteren meinte vi kunne gjere dette opptaket enklare enn vanleg.

Johan Ole sa mellom anna at han såg fram til å få henne med i klubben slik at ho kan gi oss inspirasjon vidare.

Presidenten sette deretter nåla på jakka som symbol på medlemsskapet.

Vegard slapp så praten laus.

Møtet vart avslutta av presidenten, der han ønskte oss vel heim.

Referat frå Rotarymøte 14. januar 2019.

Bedriftsbesøk Jetz AS, Hareid.

Eileen B. tok imot oss ved inngongsdøra og inviterte oss opp på matsalen, der kaffi og snittar sto klar.

Vegard Gjerde ønskte oss vel møtt, i dag utan song, og gav ordet vidare til dagleg leiar

Øyvind Tørlen, som heldt ein presentasjon av historia rundt Jetz AS:

Vart starta opp i 1986 av Olav Hofseth og brødrene Jon og Edgar Gjerde.

Presenterte eigarstrukturen i dag.

Har knytta seg til agentar og distributørar som er «berebjelken» ute i verda.

Overordna målsetjingar:

Skal vere eit internasjonalt selskap

Forankring på Sunnmøre.

Verdsleiale aktør i utvalde segment.

Jobbe for ei «grønare» verd.

Leiande på teknologi, produktutvikling og marknad.

Levere høgkvalitetsprodukt

Verdibasert

Kraftig auke i vekst-takt.

God lønnsemrd.

Omsetningsauke siste 10 åra: +6%

Ordereinngong 2018->508.3 mill

Verda si vasskrise (mangel på vatn) gir Jetz kontrakter, mellom anna i land som Brasil og Israel, storbyar som London og Moskva kan også stå i fare for å få problem med vassmengda.

Prisane på vatn er stigande.

Jetz har sett som nytt satsingsområde å selje inn utstyret sitt til kjølediskar, ein nyttar i supermarket. Kan ein trykke/ suge ut kjølevatnet, i staden for avrenning til slukar, vil ein mellom anna få ei mykje meir fleksibel løysing ved seinare ombyggingar.

Jetz ser føre seg at dette kan verte vekstnæringane deira:

Yachts, Navy, Rigg&Flotel, Offshore/ Supply, BulkShip, TankShip, Cruise, Service/ Ettermarked,

Hytter/ Hus, Jernbane, Supermarked, Mobile Anlegg.

Foredraget vart avslutta med ei spørsmålsrunde, der det mellom anna vart sagt at Jetz er ei utviklings og montasjeavdeling, ikkje ei produksjonsbedrift.

Vegard G. takka for at Jetz hadde tatt imot oss og overrekte blomster.

Før vi forlet Jetz kunne dei som det passa for, vere med på ei omvising.

Referat frå Rotarymøte 21. januar 2019.

Intercitymøte, Quality Hotel Ulstein

Denne måndagen var møtet lagt til Quality Hotel Ulstein, der Ulstein- og Hareid Rotaryklubb var samla for ein presentasjon frå nokre av deltakerane på RYLA 2018 (Rotary Youth Leadership Awards).

Dette er eit samarbeid mellom Rotary og lokalt næringsliv om leiarutvikling.

Otto Kjetil Nytun øngste alle saman vel møtt og overlet ordet til Jørn Volle Molskred, Alexander H. Rise og John Birger Våge som starta med ein kort presentasjon av seg sjølve og bakgrunnen deira.

Arrangementet vart avvikla torsdag 08.11.2018 - laurdag 10.11.2018

Torsdagen vart nytta til generell info om arrangementet, gruppeoppgåve (katapult), middag og sosialt samvær.

Fredag var temaet typologi, samspel, team og leiing, samt personlighetstestar. Vidare var det bedriftsbesøk på Kleven Verft og nye gruppeoppgåver (merkevare og omdømebygging). Dagen vart avslutta med middag og sosialt samvær.

Laurdag var temaet kulturskilnadar ein vil møte i internasjonale arbeidssituasjonar. Seinare var det gruppeoppgåver (spagettitårn) og førelesing om påvirkning og makt i leiarrolla.

Dagen vart avslutta med ei evaluering av dei tre dagane.

Foredragsholderane avslutta med å seie at det hadde vore eit godt arrangement, der dei med å ta aktivt del heile tida, fekk eit godt utbyte. Erfaringane dei hadde gjort seg, vil dei kunne nytte i det daglege arbeidet deira.

Etter ei økt med spørsmål/ svar frå Rotarianerane avslutta Otto Kjetil N. kvelden med å takke dei tre foredragsholderane og ønske alle ein god tur heim.

Referat frå Rotarymøte 28. januar 2019.

Programfritt.

Møtet denne kvelden starta med songen "Byssan lull".

Vegard ønskete alle vel møtt til det siste møtet denne månaden, som tradisjonen tru er programfritt og sett av til ein god prat med kaffi og kaker.

Vegard las opp dei som hadde hatt fødseldag i desember, med tilhøyrande applaus.

Før praten slapp laus refererte Vegard frå siste styremøtet der dei mellom anna hadde drøfta regneskapen til klubben, ubetalt kontingen, global grant prosjektet i Armenia (respirator til drift av kuvøse), auka dugnad grunna ny gapahuk m.m.

Oskar Grimstad fekk så ordet der han informerte/ synte oss bilder av fleire gapahukar som er bygde både i Ulstein og Herøy for å gi oss «noko å tenkje på» inntil arbeidet med gapahuk vert starta opp hos oss.

Oskar synte oss eit kart over ulike plasseringar det kunne vere aktuelt å plassere denne på.

Det var mange som hadde meningar om både kva type gapahuk vi burde bygge og plasseringa av den.

Oskar vil legge fram nokre meir konkrete forslag til type gapahuk med plassering, frå arbeidsgruppa på eit seinare møte.

Vegard takka Oskar for informasjonen og slapp praten laus.

Møtet vart avslutta av presidenten, der han ønskete alle vel heim.